



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Etne, 22.12.2009

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2009001260/2009006946

Arkiv:

N-

Sakshandsamar:

ANB

HØYRING - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA.

Saka vart handsama av komite Natur 10.12.09, sak 167/09. Vedlagt følgjer kopi av sakspapira.

Anne Lise Solvi
Med helsing
Etne kommune
Tenestetorget
Anne Lise Solvi
konsulent



Etne kommune

SAKSUTGREIING

Utvål	Møtedato	Saknr	Saksh.
Komite Natur	10.12.2009	167/09	ANB

Sakshandsamar: Annbjørg Bue	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2009001260
---------------------------------------	------------------	----------------------------------

HØYRING - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA

Vedlegg i saka:

Høring – forslag til vernehjemmel i jordlova, landbruks- og matdepartementet den 14.09.2009.

Utrykte saksdokument:

Statens landbruksforvaltning Rapport nr. 7 / 2009 Vernehjemmel i jordlova

Saksgang:

Komite natur

Utskrift til:

postmottak@lmd.dep.no

Landbruks- og matdepartementet, pb 8007, Dep, 0030 OSLO

Fatt utskrift
ETNE KOMMUNE

STABEN: 20.12.09
Innleder Solør

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Statens landbruksforvaltning (SLF) har på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) lagt fram forslag til verneheimel i jordlova. Rapporten er saman med høyringsbrevet til departementet og revidert lovforslag publisert på www.regjeringen.no/lmd under dokument /høyringar. Departementet ber om uttale innan 10. januar 2010. Høyringsbrevet er vedlagt denne saka. Rapporten må de gå inn på internett for å lese.

2. Bakgrunn for saka:

Regjeringa sitt mål for jordvernet er å

- Halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010
- Stimulere kommunane til å utpeke kjerneområde for landbruk som grunnlag for kommunale planavklaringar
- Stimulere til regionale planprosessar i by- og tettstادområde, der det blir trekt langsiktige jordverngrenser
- Arbeide for å redusere avgangen av dyrka mark til samferdselstiltak

SLF foreslår at nye avgjersler om jordvern blir tatt inn i jordlova og vidare at:

- Kongen i ny § 8b får mynde til å gi verdifulle jordressursar varig vern som jordvernområde. Dette inneberer at jordbruksdrifta i jordvernområdet i hovudsak fortsetter som før
- Høve til å omdisponere og frådele dyrka jord på eigendommar i jordvernområde blir innskrenka, jf forslag til ny § 8c. Det er foreslått endra kriterium for dispensasjon og søknadsplikt også for omdisponering av dyrka jord til bl.a. driftsbygningar og gards- og driftsvegar.
- Myndigheita til å gi samtykke til omdisponering og deling i jordvernområde blir plassert hos Fylkesmannen. Statens landbruksforvaltning blir klagemynde.
- Vernet skal gjelde verdfull dyrka jord. Areala sin kvalitet og om dei eigner seg til produksjon av mat, særleg for matkorn, vil være et vesentlig kriterium, men også areal til førproduksjon kan være aktuelle
- Areala bør være av ein viss storleik og mest mogeleg samanhengande.
- Det blir sett i gang ein prosess for å vurdere aktuelle jordvernområde i alle delar av landet når loven er tredt i kraft.
- Verneprosessar kan deretter setjast i gong for enkeltståande område.
- Fylkesmannen fremmer forslag overfor SLF som deretter vurderer og avgjør kva for konkrete område som skal utredast for vern.
- Det blir lagt til rette for gode prosessar slik at grunneigarar, planmyndigheter og andre får anledning til å uttale seg.

- Dei strengare avgjerslene skal gielde frå det tidspunkt SLF har fattet vedtak om oppstart av verneprosess
- Vedtak om jordvern er ei rådighetsregulering som i utgangspunktet må få tilslag i erstatningsfritt.

3. Problemstilling:

Kva skal Etne kommune gi som uttale til denne høyringa?

4. Vurdering:

Denne høyringa kjem omrent samstundes med at Etne kommune skal gå i gong med kjerneområdekartlegging for landbruk. Kanskje vil det som kommunen vedtar som kjerneområde for landbruk kunne få konsekvensar i form at eit seinare vern?

Tidlegare, da det var fleire sysselsette i landbruket, var det å halde jordbruksarealet i hevd i praksis viktigare for mange fleire folk enn det er i dag. No, når så mange bønder har lagt opp, og mange eig jord utan å drive ho sjølv, er det meir freistande for eigaren dele i frå og å selje jordbruksareal til anna føremål enn landbruk. Det beste vernet av jorda er kanskje å oppretthalde ei aktiv landbruksnæring?

Det er truleg heilt nødvendig å verne jordbruksareal om LMD skal ha ein sjanse til å nå måla sine om jordvern. I eit langsigkt perspektiv vil truleg jordbruksarealet i Noreg få ein mykje høgare verdi enn det har i dag, og da er det heilt på sin plass å gi jordbruksareal større vern.

I Etne sentrum ligg noko av det beste jordbruksarealet i kommunen. Det er stor etterspørsel etter dette arealset til næringsføremål. Truleg er kommunen nøydt til å bruke dette arealet til utviding av sentrum. Om dette arealet blir verna vil det legge ein dempar på samfunnsutviklinga i kommune. I slike område ønskjer ikkje kommunen gi frå seg meir myndighet til staten enn det den allereie har. Allereie i dag, etter dagens regelverk, har fylkesmannen ganske stor makt når det gjeld å styre arealbruken i kommunane.

Det som kan oppfattast som negativt for kommunen med forslaget om vernehimmel i jordlova er at mynde for jordvernområda blir flytta frå lokalt nivå og opp til fylkesmannen og LMD.

TILRÅDING FRA RÅDMANNEN:

Etne kommune ser at dyrka mark kan verta ein knapp resurs i framtida. Ein meinar at det beste jordvernet vil vera å leggja til rette gode rammer for landbruket slik at ein får eit aktivt landbruk i landet. I dag er problemet at jord vert tatt ut av produksjon fordi ein ikkje finn grunnlag for vidare drift, og ungdommen flyttar frå landsbygda.

Det er viktig å halda areal som trengs for å få til ei god samfunnsutvikling i distriktskommunane utanfor vernet. Ein vil særleg peika på små distriktscentra som ligg inneklemt med dyrkanmark på alle kantar. Skal ein få til ein vekst i distriktskommunane er ein avhengig av at det vert lagt til rette både for landbruk og anna næringssutvikling.

Etne kommune ser det som feil utvikling dersom dyrka og dyrkbar jord i distriktskommunane vert verna, medan store areal vert nedbygd i sentrale strok og rundt dei store byane. Det vil vera feil å la distriktskommunane betala for nedbygging av jord i bynære områder. Dette vil forsterka den sentraliseringa som alt er i samfunnet, denne utviklinga bør ein arbeida for å snu.

Det vert oppfatta som negativt at forslaget om vernehelmed i jordlova i enda større grad flyttar mynde frå kommunalt nivå og over til fylkesmannen og Statens landbruksforvalting.

10.12.2009 KOMITE NATUR

Reidar Ebne (Frp) fremma følgjande tileggsforslag:

"Det bør lagast kommunale deponi for matjord slik at utbyggjarar kan lagra jorda slik at den kan nyttast om att. Utbyggjarar bør vera pålagde ein plan for bruk av matjorda. "

RØYSTING:

Tilrådinga frå rådmannen samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå reidar Ebne (Frp) samrøystes vedteke.

Etter dette ligg det føre slikt

NA-167/09 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune ser at dyrka mark kan verta ein knapp resurs i framtida. Ein meiner at det beste jordvernet vil vera å leggia til rette gode rammer for landbruket slik at ein får eit aktivt landbruk i landet. I dag er problemet at jord vert tatt ut av produksjon fordi ein ikkje finn grunlag for vidare drift, og ungdommen flyttar frå landsbygda.

Det er viktig å halda areal som trengs for å få til ei god samfunnsutvikling i distriktskommunane utanfor vernet. Ein vil særleg peika på små distriktsentra som ligg inneklemt med dyrkamark på alle kantar. Skal ein få til ein vekst i distriktskommunane er ein avhengig av at det vert lagt til rette både for landbruk og anna næringsutvikling.

Etne kommune ser det som feil utvikling dersom dyrka og dyrkbar jord i distriktskommunane vert verna, medan store areal vert nedbygd i sentrale strok og rundt dei store byane. Det vil vera fel til å la distriktskommunane betala for nedbygging av jord i bynære områder. Dette vil forsterka den sentraliseringa som alt er i samfunnet, denne utviklinga bør ein arbeida for å snu.

Det vert oppfatta som negativt at forslaget om vernehelmed i jordlova i enda større grad flyttar mynde frå kommunalt nivå og over til fylkesmannen og Statens landbruksforvalting.

Det bør lagast kommunale deponi for matjord slik at utbyggjarar kan lagra jorda slik at den kan nyttast om att. Utbyggjarar bør være pålagde ein plan for bruk av matjorda.